

Fra: Petter Lem Gullestad (Petter.Lem.Gullestad@vlfk.no)

Sendt: 03.03.2021 10:27:55

Til: Jan Spjeldnaes

Kopi:

Emne: SV: klagesak avslag på søknad om tilskot - Sunnhordland Amatørkulturråd

Vedlegg:

Hei,

Hovudutval for kultur, idrett og integrering (underinstansen) fatta opphøveleg vedtak i saka.

Som part har Sunnhordland Amatørkulturråd hatt høve til å klage på vedtaket, og har nytta seg av denne retten.

Underinstansen har vurdert klaga og oversendt si vurdering til klagenemnda, slik den plikter å gjere etter forvaltningslova.

Klagenemnda er ei uavhengig klageinstans. Sekretariat for klagenemnda førebur eigne saksframlegg for alle saker som skal i klagenemnda.

Klagar har i dette høve ved søknad og ved klage hatt høve til å uttale seg i saka, og sekretariat for klagenemnda har ikkje funne grunnlag for å innhente ytterlegare uttaler. Dersom klagar likevel ønsker å kome med ytterlegare merknader i saka, må dette sendast til mi e-postadresse [innan frist 8. mars](mailto:innan.frist.8.mars).

Med helsing

Petter Lem Gullestad

spesialrådgjevar

politisk sekretariat

organisasjons- og økonomiavdelinga



tlf.: 92 61 94 34

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Jan Spjeldnaes <j-spjel@online.no>

Sendt: onsdag 3. mars 2021 00:48

Til: Petter Lem Gullestad <Petter.Lem.Gullestad@vlfk.no>

Kopi: jan spjeldnæs <j-spjel@online.no>

Emne: Re: klagesak avslag på søknad om tilskot - Sunnhordland Amatørkulturråd

Til: Peter Lem Gullestad

Fra: Jan Spjeldnæs, Sunnhdl amatlrkulturråd

Dato: 03.03.2021

Jeg har mottatt avslaget på vår anke/klage med beskjed om at saken er sendt klagenemnda for endelig vedtak.

Er det noe jeg kan gjøre for å endre innstillingen i vår favør?

Med vennlig hilsen

Jan Spjeldnæs

Den 02.03.2021 13:33, skrev Petter Lem Gullestad:

Til Sunnhordland Amatørkulturråd v/styreleiar Jan Spjeldnæs

Klagenemnda i Vestland fylkeskommune har fått oversendt klagesak som gjeld avslag på søknad om tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering fatta opphøveleg vedtak i saka, og har som underinstans plikt til å vurdere klaga. Av saksdokumenta kan eg ikkje sjå at klagar har motteke kopi av saksframlegget som lå til grunn for deira vurdering av klaga, difor mottek du denne som vedlegg.

Saksprotokoll frå møte 15.10.2020 i hovudutval for kultur, idrett og integrering var slik:

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 83/2020, handsama 4. juni 2020. Klagen vert ikkje tatt til følge. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

Klagenemnda vil no ta endeleg avgjerd i klagesaka. Klagesaka vil bli behandla i nemnda sitt møte 25. mars.

Med helsing

Petter Lem Gullestad
spesialrådgjevar

politisk sekretariat
organisasjons- og økonomiavdelinga



tlf.: 92 61 94 34
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.